



Statens medieforvaltning



Årsmelding 1999

9
301.2
STATENS
MEDIE-
FORVALTNING
1999



Framsida og vignettar: Ragnar «Joker» Pedersen
Layout, sats og trykk: Trykk-Service, Sarpsborg
Opplag: 700 eksemplar



INNHALD

	Side
<i>Lokalradio på DAB</i>	3
<i>Oppgaver</i>	5
<i>Administrasjon</i>	5
<i>Kringkasting</i>	8
- Regelverket	8
- Lokalradio	9
- Lokalfjernsyn	11
- Digital radio (DAB)	11
- Digitalfjernsyn	12
- Sendarnett	13
- Årsmelding for lokalkringkasting	13
- Økonomien i lokalkringkastinga	13
- Korttidskonsesjonar	15
- Reklame og sponing: tilsyn	16
- Vidaresending i kabelnett	17
- Vidaresending via private omformarar	19
- Allmennkringkastingsrådet	19
- Internasjonalt arbeid	20
- Europeisk programdel i fjernsyn	21
- Eigarskap	22
<i>Presse</i>	23
- Regelverket	23
- Produksjonstilskot til dagsaviser	23
- Økonomien i dagspressa	24
- Andre støtteordningar	26
- Råd og utval	27
<i>Vedlegg</i>	
1. Råd og utval	29
2. Konsesjonærliste – lokalfjernsyn	31
3. Konsesjonærliste – lokalradio	32
4. Fordeling av produksjonstilskot	39


N12<101024518705


 NRK
BIBLIOTEKET

98646



LOKALRADIO PÅ DAB



Landets lokalradioar har konsesjon fram til 31. desember 2001. Etter gjeldande reglar skal det då delast ut konsesjonar for fem nye år. På same tid som vi førebur den nye konsesjonsperioden, førebur radiomediet seg på overgangen frå analog til digital distribusjon (DAB).

Førebels er det berre eitt riksdekkjande nett for DAB-radio under etablering. Omkring halvparten av husstandane kan ta imot signala. Det er derimot svært få som har skaffa seg digital radiomottakar, slik at den faktiske lyttinga til digitalradio er minimal. NRK, P4 og den nye Radio 2 Digital har fått løyve til å sende. Dei fleste sendingane er no i gang eller vil starte snart.

Neste fase i utbygginga av digitalradio vil vere å ta i bruk dei regionale frekvensblokkene. I tillegg er det sett av eit frekvensområde i det såkalla L-bandet for DAB-radio.

Kva så med lokalradioane?

Grunnlaget for den noverande lokalradiopolitikken er stortingsbehandlinga av nærkringkastingsmeldinga i 1995. Både meldinga og den påfølgjande stortingsbehandlinga gjaldt analoge sendingar på FM-bandet. Konsekvensar for lokalradioane av ei eventuell innføring av DAB, var den gongen ikkje noko aktuelt tema.

I dag er det delte oppfatningar både i spørsmålet om lokalradioane bør over på digital plattform og om i kva for tempo dette i så fall bør skje. Aktørane på det riksdekkjande DAB-nettet meiner at lokalradioane bør over på digital plattform så snart råd er, slik at perioden med dobbel distribusjon blir så kort som mogleg. Innan lokalradio-bransjen er det mange om ser DAB som eit trugsmål mot dagens nærradiomønster, fordi DAB-teknologien legg til rette for monaleg større einingar enn dagens konsesjonsområde.

I det vidare arbeidet med desse spørsmåla vil Statens medieforvaltning freiste å finne løysingar som er til gagn for lokalradioen som medium, både på kort og lang sikt. Dette blir ei av dei store utfordringane som ligg framfor oss. For å lukkast, er vi avhengige av eit godt og konstruktivt samarbeid med bransjen.

Ivar Andenæs

Ivar Andenæs



OPPGÅVER

Statens medieforvaltning er eit forvaltningsorgan for allmenne mediespørsmål. Verksemda har mellom anna følgjande sentrale oppgåver:

- ♦ gi konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting
- ♦ føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir drive etter vilkåra
- ♦ føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjonar i strid med regelverket
- ♦ føre tilsyn med og sjå til at kringkastingselskapa etterlever regelverket om reklame og sponning
- ♦ administrere pressestøtta etter gjeldande regelverk
- ♦ forvalte forskingsmidlane knytte til presse, film og kringkasting

Statens medieforvaltning har også ein viktig rådgivande og utgreiande funksjon innanfor Kulturdepartementet sitt ansvarsområde.

ADMINISTRASJON

Statens medieforvaltning hadde i 1999 15 tilsette. Dei tilsette er organiserte i to avdelingar:

Presse- og administrasjonsavdelinga behandlar søknader om pressestøtte i samsvar med gjeldande retningslinjer og søknader om tilskot til medieforskning og etterutdanning. I tillegg arbeider avdelinga med interne administrative oppgåver.

Kringkastingsavdelinga behandlar søknader om konsesjon til lokalkringkasting, satellittkringkasting og vidaresending av kringkasting og fører tilsyn med at reglane om reklame og sponning i kringkasting blir overhaldne.

Driftsbudsjettet for 1999 utgjorde 9,9 millionar kroner. Om lag halvparten av budsjettet gjekk med til å dekkje lønn og godtgjeringar. I tillegg til dette administrerte Statens medieforvaltning løyvinga til pressestøtta på nærmare 217 millionar kroner. Som følge av det nye økonomireglementet i staten, tok Statens medieforvaltning i bruk nytt økonomisystem i 1999.

Statens medieforvaltning fekk eigne nettsider i oktober 1999. Sidene inneheld presentasjon av arbeidsfelt og tilsette, regelverket vi administrerer, konsesjonærregister, statistikk og tabellar. Vi har også sett opp ei side med lenkjer til andre etatar og organisasjonar på medieområdet.



Statens medieforvaltning legg vekt på å ha god og jamleg kontakt med dei ulike aktørane på medieområdet. Vi har derfor også i 1999 delteke på presse- og kringkastingsorganisasjonane sine årsmøte og ulike konferansar.

Statens medieforvaltning har vore sekretariat for følgjande råd og utval i 1999:


- ♦ Kontaktutvalet mellom dagspressa og staten
- ♦ Rådet for anvendt medieforskning og etterutdanning
- ♦ Støtteutvalet for dagsavisene
- ♦ Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- ♦ Konesjonsrådet for nærkringkasting
- ♦ Allmennkringkastingsrådet



Verksemda stilte også i 1999 sekretær til disposisjon for styret i Stiftelsen Lettlest-avisen.

ORGANISASJONSKART

Statens medieforvaltning



KRINGKASTING

Regelverket

Ansvar og oppgaver på kringkastingsfeltet er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- ♦ Lov om kringkasting av 4. desember 1992
- ♦ Forskrift om kringkasting fastsett ved kgl. res. 28. februar 1997
- ♦ Forskrift om konsesjonsområde for lokal fjernsyn fastsett ved kgl.res. 25. august 1995
- ♦ Forskrift om lokal fjernsyn på NRK2s bakkesendarar fastsett ved kgl. res. 22. november 1996
- ♦ Retningslinjer for samsendingar i lokalradio fastsette av Statens medieforvaltning 1. september 1998.



Frå 1. juli 1999 vart det opna for reklame for livssyn og politiske budskap i radio. Forbodet mot slik reklame i fjernsyn vart oppretthalde. Forbodet er no lovfesta og går fram av § 3-1 tredje ledd i kringkastingslova. Statens medieforvaltning skal føre tilsyn med at forbodet blir etterlevd.

I 1999 behandla Stortinget tre lovproposisjonar som fører til endringar i kringkastingsregelverket: Ot. prp. nr. 63 (1998-99) Sponsing i kringkasting, Ot. prp. nr. 2 (1999-2000) Endringer som følge av tillegg til EØS-avtalens fjernsynsdirektiv og Ot. prp. nr. 55 (1998-99) Rammer for NRKs forretningsmessige virksomhet.

Endringane i reglane om sponsing inneber mellom anna at det ikkje lenger blir eit absolutt krav at sponsor skal identifiserast både før og etter programma. Identifiseringa av sponsor skal skje ved eit ikkje-rørleg bilete. Det vil bli innført reglar som avgrensar kva slags program NRK kan motta tilskot til.


Endringane som følgje av tillegg til EØS-avtalens fjernsynsdirektiv inneber mellom anna tiltak som sikrar at viktige hendingar, særleg sportshøgdepunkt, skal kunne bli mottekne vederlagsfritt hos ein stor del av fjernsynssjåarane. Det blir vidare fastsett lovforbod mot å sende program som i alvorleg grad kan skade barn og unge. Slike program skal merkast anten med eit lydinnslag ved programstart eller med eit visuelt symbol.

Rammene for forretningsverksemda til NRK vil bli endra slik at NRK gjennom dotterselskapa sine får høve til å drive forretningsverksemd på lik linje med konkurrentane sine. NRK sitt programtilbod til lyttarar og sjåarar i Noreg skal framleis vere reklamefritt. NRK skal likevel kunne leggje inn reklameinnslag i tekstfjernsyn.

Lokalradio

Konsesjonsstatus

Ved utgangen av 1999 var det 286 lokalradiokonsesjonærer. Dette er ein nedgang på elleve frå året før. Nedgangen skuldast i hovudsak at konsesjonærer gjekk konkurs, la ned drifta eller fusjonerte med andre lokalradioar. Ved årsskiftet er seks konsesjonsområde utan lokalradio. Desse vil bli kunngjorde i første halvdel 2000.




Konsesjonsområde

Ved årsskiftet var det 156 konsesjonsområde.

Ti område har meir enn eitt sendarnett til rådvelde for lokalradio. Dette gjeld følgjande område:

- Sarpsborg og Råde (1 1/2 sendarnett)
- Oslo (6 sendarnett)
- Lier, Nedre Eiker og Drammen (2 sendarnett)
- Kristiansand (2 sendarnett)
- Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sveio, Etne og Ølen (1 1/2 sendarnett)
- Stavanger og Sola (2 sendarnett)
- Bergen (3 sendarnett)
- Molde, Fræna, Aukra, Midsund og Vestnes (1 1/2 sendarnett)
- Skodje, Giske, Ålesund, Haram, Sula og Ørskog (1 1/2 sendarnett)
- Trondheim (2 sendarnett)



1 1/2 sendarnett vil seie at eit nett gir fullstendig dekning, medan det andre berre gir god dekning i primærområdet og eventuelt delar av resten av området.

Søknader om lokalradiokonsesjon

Etter § 7-4 i kringkastingsforskrifta kan søknader om konsesjon som kjem inn etter at søknadsfristen er ute, berre blir innvilga i særlege tilfelle. Særlege tilfelle vil som regel seie at konsesjonsområdet er utan lokalradio.

Det er i 1999 gitt fire konsesjonar til drift av lokalradio. I løpet av 1999 vart tre område for lokalradio lyste ut som radiotomme fordi tidlegare konsesjonærar innstilte drifta. Statens medieforvaltning fekk fire søknader om konsesjon, og tre av desse vart innvilga. I tillegg vart det gitt ein konsesjon i eitt område der det var lokalradio-verksemd frå før.

Samsendingar

Med retningslinene for samsending i lokalradio som vart fastsette i fjor, kan lokalradioane samsende lokalprodusert programmateriale samtidig med to andre lokalradioar i tilgrensande konsesjonsområde i inntil 25 prosent av den daglege sendetida. 43 lokalradioar nytta denne ordninga. Samsending utover dette skal godkjennast av Statens medieforvaltning.

I 1999 gav vi tre løyve til å samsende meir enn 25 prosent av den daglege sendetida. Løyva vart gitt til prosjekt i Vesterålen, Nord-Hordaland og Møre og Romsdal. To av løyva innebar også samsending mellom fleire enn to andre lokalradiokonsesjonærar.

Vidaresending i lokalradio

Retningslinene for samsending er samordna med ei ordning som gir lokalradioane høve til å nytte inntil 25 prosent av den daglege sendetida til vidaresending frå sentralleverandør. Ordninga gir lokalradioane høve til å auke det totale programtilbodet.




128 av lokalradioane nyttar vidaresending frå sentrale leverandørar. Statens medieforvaltning har i løpet av 1999 ikkje motteke søknader om å få nytte meir enn 25 prosent av den daglege sendetida til vidaresending.

Sendetidstvistar

Ingen nye sendetidstvistar vart lagde fram for Statens medieforvaltning i løpet av året. Ein klage på eit sendtidsvedtak frå 1998 er behandla. Saka vart send til Kulturdepartementet, som stadfesta vedtaket.

Lokalfjernsyn



Ved utgangen av 1999 hadde 25 selskap konsesjon til allment bakkesendt lokalfjernsyn. 20 hadde konsesjon til å sende lokalfjernsyn over bakkesendarane til NRK2, og ni hadde konsesjon til å sende lokalfjernsyn i kabelnett.

Allment bakkesendt lokalfjernsyn

TV Nordland i Bodø gjekk konkurs i 1998. Konsesjonsområdet vart derfor kunngjort på nytt i 1999, og konsesjonæren i nabo-området, TV Helgeland, fekk konsesjon. I to konsesjonsområde, begge i Sogn og Fjordane, vart konsesjonane sletta fordi konsesjonæren ikkje hadde teke dei i bruk. Konsesjonane vart kunngjorde på nytt. Ein konsesjonær, Svalbard TV, har inntil vidare innstilt sendingane sine.

Alle konsesjonærane, med unntak av to, nyttar seg av høvet til å vidaresende direkte program frå TVNorge. Desse sendingane utgjer ein stor del av lokalfjernsynstilbodet i dag. Dei eigenproduserte sendingane varierer frå ein halv time til to timar per dag, og femner i hovudsak nyhende, sport og magasinprogram.

Lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendarar

I 1999 var det 20 livssyns- og ideelle organisasjonar med konsesjon til å sende på bakkesendarane til NRK2. Konsesjonærane sender når NRK ikkje sjølv har sendingar. Sendingane skal vere reklamefrie. Det vart ikkje gitt nye konsesjonar i 1999.

Konsesjonsordninga gjekk ut 31. desember 1999. Etter drøftingar med NRK er det fastsett at ordninga vil bli vidareført i tre nye år til 31. desember 2002. Høvet til å søkje konsesjon vart kunngjort i oktober, og det kom inn 20 søknader. Interessa var særleg stor i Oslo.

Lokalfjernsyn i kabelnett

Det er i 1999 gitt fire konsesjonar til lokalfjernsyn i kabelnett. Konsesjonærar som hadde konsesjon i førre konsesjonsperiode og som har søkt om ny konsesjon, har fått løyve til å drive vidare inntil behandlinga av søknadene er avslutta. Eit vilkår for at konsesjon blir gitt er at søkjaren kan leggje fram skriftleg samtykke frå kabeleigaren i området om at sendingane vil bli formidla i kabelnettet.

Digital radio (DAB)

I august 1999 gav Statens medieforvaltning Radio 2 Digital AS konsesjon til drift av riksdekkjande reklamefinansiert digitalradio. Radio 2 Digital AS disponerer 1/6 av den digitale frekvensblokka. Kapasiteten blir elles disponert av NRK og P4. Selskapet sine hovudaksjonærar var Kristen Riksradio, Norsk Aller AS og Scandinavian Broadcasting

Systems (SBS). Radio 2 Digital AS vil sende i to radiokanalar store delar av døgnet. Søkjaren har forplikta seg til å samarbeide med lokale programleverandørar i alle fylke. Innhaldet skal bestå av daglege program med aktualitetar, kulturstoff, livssynsspørsmål, barneprogram o.a. Programprofilen skal utviklast gjennom to fasar. I første fase vil konsesjonæren i hovudsak sende innkjøpt stoff. I fase to, som tek til når meir enn halvdel av folket kan ta inn digitale radiosendingar, skal konsesjonæren gradvis bygge opp eigenproduserte program. Programprofilen skal vere fullt utbygd seinast to år etter oppstarten av fase to.


Det var to søkjarar til konsesjonen. Den andre søkjarar var Norsk Radio Digital AS, eit selskap med utspring i det norske grammofonartist-miljøet. Norsk Radio Digital AS ønskte å leggje hovudvekta på å presentere norsk musikk.

Statens medieforvaltning starta i slutten av 1999 forhandlingar med P4 om konsesjon i det same nettet.

Ved utgangen av året var det digitale sendarnettet utbygd slik at det dekkjer 45 prosent av folket.

L-band

Arbeidet med å planleggje framtidig bruk av 1500 MHZ-bandet heldt fram i 1999. L-bandet høver godt til å dekkje mindre geografiske område. Planleggingsprosessen må følgje vedtaka i den europeiske FM-gruppa, og det er enno ikkje avklart kor store frekvensressursar Noreg vil bli gitt. Planleggingsgruppa, som består av Statens medieforvaltning, Post- og teletilsynet og Norsk Lokalradioforbund, vil arbeide vidare med forslag til områdeinndeling i 1500 MHZ-bandet. I gruppa deltek også Norkring og NRK på konsultativ basis.



Norsk Lokalradioforbund har fått løyve til prøvesendingar med DAB i Oslo gjennom selskapet DAB-drift AS. Oslostasjonen Radio Tango er i gang med sendingar.

Digitalfjernsyn

Norkring er gitt førebels konsesjon til etablering og drift av anlegg for prøvesendingar med digitale bakkesendingar for fjernsyn (DTT) i Oslo og Bergen.

Sendarnett

I 1999 har vi gitt sju sendarnettskonsesjonar for lokalradio og ein for lokalfjernsyn. Det er enno ikkje gitt konsesjon i tre av sendarnetta for lokalradio. Det er ulike årsaker til dette. I eitt tilfelle ventar konsesjonærane på klargjering av andre saker før sendarnettsspørsmålet kan avgjerast, i dei andre sakene har det også vist seg vanskeleg å komme til semje om ei felles sendarnettsløysing og å velje teknisk løysing. I mellomtida sender konsesjonærane på dei gamle sendarnetta for områda.


Årsmelding for lokalkringkasting

Etter § 7-14 i kringkastingsforskrifta, har alle innehavarar av konsesjon for lokalkringkasting plikt til å levere årsmelding om verksemda til Statens medieforvaltning. I årsmeldinga, som skal leverast innan 1. mars, skal konsesjonærane gi opplysningar om verksemda året før.

Den informasjonen vi fekk frå konsesjonærane i form av årsmeldingar for 1998, gav nyttig kunnskap om struktur, økonomi, sendeaktivitet, tal på medarbeidarar og programproduksjon i lokalkringkastinga i Noreg. Statens medieforvaltning gir kvart år ein samla presentasjon av desse opplysningane i si eiga årsmelding.

Kvaliteten på dei innleverte årsmeldingane er avgjerande for verdien av rapportane og presentasjonane våre om lokalkringkastinga i Noreg.

Økonomien i lokalkringkastinga



Lokalkringkastingsbransjen hadde i 1999 eit samla årsunderskot på rundt 30 millionar kroner. Dette er ei betring på om lag 25 millionar kroner frå 1998. I løpet av tre år har bransjen meir enn halvert sitt samla underskot.

Av 286 lokalradiokonsesjonærar i 1999 er det 243 som har levert årsmelding. Av 24 allment bakkesende fjernsyn har 23 levert årsmelding. TV-kanalen Metropol, som først kom i drift i september 1999, er ikkje med i oversikta.

Lokalradio

Omsetninga i lokalradiobransjen auka frå 222 millionar kroner i 1998 til 230 millionar kroner i 1999, medan kostnadene gjekk ned frå 240 millionar kroner til 237 millionar kroner. Driftsmarginen vart forbetra frå minus åtte prosent i 1998 til minus tre prosent i 1999. Lokalradioane hadde i 1999 eit samla årsunderskot på om lag 9,5 millionar kroner. Årsunderskotet var 21 millionar kroner i 1998 og 24 millionar kroner i 1997. Over halvparten av lokalradioane gjekk med overskot i 1999. Resultata kan framstillast slik:

	1997	1998	1999
Samla inntekter	207	222	230
Samla utgifter	231	240	237
Årsresultat	-24	-21	-9,5
Driftsmargin	-12 pst	-8 pst	-3 pst
Talet på årsmeldingar	263	249	243

(Tal i millionar.)

Dei samla reklameinntektene har auka med over 17 millionar kroner frå 1998, og stod for 57 prosent av inntektene i 1999. Inntekter frå bingo utgjorde totalt 27 prosent av inntektene i 1999. Samanlikna med både 1997 og 1998, har reklameinntektene auka og bingoinntektene gått ned. Radioar som sender i område med færre enn 50 000 innbyggjarar har gjerne bingo som hovudinntektskjelde, medan dei radioane som sender i større område i hovudsak har reklame som den viktigaste inntektskjelda si. Inntekter frå sponing, lisens, gåver og tilskot frå det audiovisuelle produksjonsfondet utgjorde berre ein liten del av dei samla inntektene for lokalradiobransjen i 1999.

Lønn og sosiale kostnader utgjorde 36 prosent av dei samla kostnadene i 1999. Her har det vore ein jamn nedgang frå 1997 til 1999. Den største nedgangen i lønn og sosiale kostnader finn vi blant dei radioane som sender i område med meir enn 100 000 innbyggjarar. Sendekostnader utgjør berre fem prosent av dei totale kostnadene for lokalradioane samla, og dette er det lågaste nivået på tre år.

Det har vore ein jamn nedgang i talet på sysselsette i lokalradiobransjen frå 1997 til 1999. Dette er heilt i tråd med den nedgangen vi ser i lønnskostnadene for den same perioden. I 1997 var talet på årsverk 507 fordelt på heil- og deltidstilsette, i 1998 var det 461 årsverk og i 1999 406 årsverk. I løpet av ein treårsperiode har bransjen hatt ein nedgang i talet på sysselsette på nærmare 20 prosent. Innanfor Radio 1-gruppa har nedgangen vore over 40 prosent. 4 300 frivillige arbeidde i lokalradiobransjen i 1999, mot 4 600 i 1998.

Lokalradioane hadde samla over 640 000 sendetimar. Om lag 544 000 av desse vart brukte til å sende lokale eller eigenproduserte program. I 1999 har totalt 64 radioar hatt sendingar for etniske og språklege minoritetar. Dette er 16 færre radioar enn i 1998. Det blir sendt til saman på 17 språk, i tillegg til norsk. Storparten av sendingar til språklege og etniske minoritetar er på bosnisk, engelsk, samisk, spansk og tamilsk.

Lokalfjernsyn

Lokalfjernsynsbransjen hadde i 1999 ei samla omsetning på om lag 172 millionar kroner. Driftsmarginen var minus 13 prosent i 1999, det same som i 1998. Lokalfjernsynsbransjen samla har i 1999 hatt ei markert forbetring i økonomien i løpet av dei tre siste åra. Årsunderskotet ved utgangen av 1999 var samla på om lag 20 millionar kroner,

mot nærmare 28 millionar kroner i 1998. Mellom 1997 og 1999 har bransjen meir enn halvert sitt samla årsunderskot. Det har vore ei samla resultatforbetring på om lag 25 millionar kroner for lokalfjernsynsbransjen sidan 1997. Resultata kan framstillast slik:

	1997	1998	1999
Samla inntekter	152	175	172
Samla utgifter	194	198	194
Årsresultat	-45	-28	-20
Driftsmargin	-28 pst	-13 pst	-13 pst
Talet på årsmeldingar	26	24	22

(Tal i millionar.)

Reklameinntektene utgjorde om lag 44 prosent av dei samla inntektene i 1999. Sponsorinntektene utgjorde seks prosent av omsetninga. Som i 1997 og i 1998 kom nær halvparten av inntektene i bransjen frå TVNorge. Bingoinntekter, frivillige gåver og tilskot frå det audiovisuelle produksjonsfondet representerte berre ein liten del av dei samla inntektene i 1999.

Lønn og sosiale kostnader utgjorde nesten halvparten av dei samla kostnadene for lokalfjernsynsbransjen i 1999. Sendekostnader utgjorde ti prosent av kostnadene.

Det har vore ein jamn nedgang i talet på sysselsette i lokalfjernsynsbransjen frå 1997 til 1999. I 1997 var talet på årsverk 338 fordelt på heil- og deltidstilsette, i 1998 var det 329 og i 1999 276. Lønnskostnadene har gått ned i den same perioden.

Lokalfjernsynsselskapa sende i 1999 til saman over 112 000 timar. Om lag 5 400 av desse vart brukte til å sende lokalproduserte program.


Korttidskonsesjonar

I 1999 gav Statens medieforvaltning 21 korttidskonsesjonar til lokalradio. Av desse vart tolv gitt til dekning av kristne møteseriar o.l. og seks til leirar og stemne. Vi gav også to korttidskonsesjonar til lokalfjernsyn i kabelnett.

Av omsyn til lokalkringkastingsverksemda i området, er det ønskjeleg at dekning av lokale arrangement skjer i samarbeid med etablerte konsesjonærar. Som regel har ikkje lokalkringkastarane noko i mot at det blir gitt konsesjon til dekning av eit lokalt arrangement for ein kort tidsperiode. Det er eit vilkår for å gi korttidskonsesjon at det er tilgjengelege frekvensar i det aktuelle sendeområdet. Korttidskonsesjonar blir ikkje gitt til lokalfjernsyn over eter.

Reklame og sponning: tilsyn

Statens medieforvaltning er tilsynsorgan i forhold til regelverket om reklame og sponning i kringkasting. Vi kontrollerte seksti program på dei norske riksdekkjande fjernsynskanalane. Det vart i 1999 gitt ein sanksjon.



NRK1 og NRK2

Statens medieforvaltning skal føre tilsyn med NRK sine sendingar i forhold til regelverket om sponning av kringkastingsprogram.

NRK vart i 1998 ilagd gebyr for ulovleg sponning. Saka gjaldt ein programserie med kokken Keith Floyd som var sponna av alkoholprodusenten Arcus. Saka vart klaga til Kulturdepartementet. Klagesaka vart avgjort i 1999, og departementet stadfesta vedtaket.

TV2

Statens medieforvaltning har gitt TV2 åtvaring for brot på forskrift om reklame § 3-7. Saka gjaldt dekning av sykkelrittet "Tour de France" som vart avbroten med reklame. Reklame-plasseringa var i strid med regelen om at reklame skal plasserast i naturlege pausar eller mellom fullendte delar. Statens medieforvaltning har også behandla eit mindre brot på reglane om volum, da selskapet ved eit høve sende meir enn tolv minutt reklame i timen. Vi viste også til brot på reglane om identifisering av sponsor ved to programseriar.



TVNorge

Statens medieforvaltning har overfor TVNorge behandla eit mindre brot på reglane om volum. Selskapet rapporterte sjølv at dei ved eit høve hadde sendt meir enn tolv minutt reklame i løpet av ein time. Vi gjorde også merksam på brot på reglane om identifisering av sponsor ved ein programserie. Sponsorpresentasjonen inneheldt marknadsføringstiltak frå sponsoren sin reklamekampanje.

Lokalfjernsyn

I løpet av 1999 har vi innhenta 29 lokalfjernsynsopptak, og i år var ni av desse utan brot på regelverket. Som i fjor finn vi flest brot på reglane om identifisering av sponsor. Tolv av opptaka inneheldt brot på § 3-4 i kringkastingslova og § 3-10 i forskrifta. Brota skjer i form av produktplassering i presentasjonen og ved opplysningar om sponsor, som til dømes forretningsadresse og telefonnummer. Tre selskap braut reglane om plassering og markering av reklameinnslag. Kontrollane har ikkje avdekt brot på reglane om reklamevolum. Statens medieforvaltning har vidareført praksisen med å varsle om regelbrota skriftleg. Vi har motteke stadfestingar på at selskapa skal innrette seg, men også spørsmål om tolkinga av regelverket. Ingen sanksjonar er gitt.

Lokalradio

Statens medieforvaltning har i 1999 vidareført systematisk tilsyn med sendingar i lokalradio. Vi har innhenta og kontrollert ca. 70 timelange opptak frå radiosendingar i 1999. Som ein del av denne kontrollen, har vi i tillegg til opptak innhenta programoversikt frå den veka det enkelte kontrollopptaket er henta frå.

I 44 av kontrollsakene har Statens medieforvaltning ikkje hatt merknader til innhaldet. Dette er ei betring i høve til tidlegare år.

Overfor ei rekkje konsesjonærar har det vore nødvendig å purre på levering av kontrollmateriale. Åtte lokalradiokonsesjonærar fekk åtvaring i 1999 for ikkje å ha levert kontrollopptak, mot sju i 1998 og ein i 1997.

Enkelte konsesjonærar har ikkje sendt inn programoversikter, noko vi har påtala. I nokre få tilfelle har sendeopptaka vore av dårleg teknisk kvalitet. Dette er også blitt påtala.

Gjennom kontrollverksemda har vi konstatert ein del brot på reglane om reklame og sponsering. I seks tilfelle har konsesjonærar hatt ein meir omfattande sponserpresentasjon enn regelverket gir høve til, mot fem i 1998. Skiljet mellom reklameinnslag og program har i ein del tilfelle heller ikkje vore i samsvar med reglane. Markeringa av reklameinnslag med eit særskilt lydsignal slik kringkastingsforskrifta gjev pålegg om, har i seks tilfelle anten vore for uklårt eller har mangla heilt. Dette er ei betring frå 1998, da vi konstaterte 13 brot på denne regelen.

Vi har påtala desse brota overfor konsesjonærane og pålagt dei å innrette sendingane etter regelverket. Med eitt unntak har det ikkje vore sterke innvendingar mot vår tolking av regelverket i desse sakene.

Vidaresending i kabelnett

Lov og forskrift om kringkasting inneheld eigne kapittel om vidaresending i kabelnett.

Det er formidlingsplikt for visse fjernsynssendingar i kabelnett: NRK sine sendingar, norsk TV2 og allment bakkesendt lokalfjernsyn. Vi har også i 1999 fått ein del etterlysingar av program frå livssyns- og organisasjonsfjernsyn i den tida NRK2 ikkje sjølv har sendingar. Formidlingsplikta i kabelnett gjeld ikkje for lokale fjernsynssendingar over bakkesendarane til NRK2. Likevel kan desse lokalfjernsynssendingane formidlast i kabelnett etter avtale med kabeleigaren eller dersom sendingane får god nok oppslutning ved abonnentval i det enkelte nettet.

I 1999 er spørsmål om kanalplasseringa av formidlingspliktige fjernsynssendingar i kabelnett på nytt blitt aktualisert. Den nye telelovgivinga har opna for bruk av kabelnett til nye tenester, som m.a. telefoni og multimedietenester i tillegg til formidling av kringkasting. Innføringa av desse nye tenestene har ført til at større kabelselskap har



reservert breibandskanalar i nettet til dette formålet. Dette har m.a. ført til at UPC og Telenor Avidi har lagt NRK2 i Oslo-området til kabelkanalar som ikkje alle abonnentar har tilgang til utan tilleggsutstyr eller ekstrakostnader, det såkalla S-bandet.

Vi har presisert at alle formidlingspliktige sendingar skal inngå i eit grunntilbod i kabelnett. Sendingane skal plasserast i dei mest tilgjengelege kanalane i nettet slik at dei når alle abonnentar uhindra og utan tilleggskostnader.

Fleire spørsmål om vidaresending i kabelnett er samansette og gjeld både tele- og kringkastingslovgivinga. Statens medieforvaltning samarbeider med Post- og teletilsynet i saker som gjeld både innhald og teknologiske tilhøve.

Abbonentval i kabelnett

Statens medieforvaltning behandlar klager om formidling av kringkasting i kabelnett. Klageordninga gjeld mellom anna saker der programønske frå mindretalsgrupper mellom abonnentane blir underkjende av fleirtalet. Klagebehandlinga er ei endeleg behandling av slike saker, og omfattar ikkje enkeltabonnentar og individuelle ønske.

Statens medieforvaltning har i 1999 hatt mange spørsmål frå enkeltabonnentar, spesielt etter at dei to største kabeloperatorane gjennomførde abonnentval i netta sine. Spørsmåla har ofte vore knytte til måten abonnentvala blir gjennomførde på og til endringa av programtilboda. Mange spørsmål gjeld også konkret informasjon om programval, formidlingsvilkår, grunngiving for programsamansetjing, avtalar, prisspørsmål, tekniske tilhøve o.a.

Vår røynsle er at kabelselskapa gir for dårleg informasjon til abonnentane sine. Dette har vi teke opp med selskapa.

Konvergensutvalet har i si utgreiing av 18. juni 1999 om samansmelting av tele, data- og mediesektorane, fremja forslag om å overføre ordninga med abonnentval i kabelnett til forbrukarstyresmaktene dersom ho ikkje blir oppheva. Statens medieforvaltning slutta seg til dette forslaget i høyringsrapporten sin.

Vidaresending via private omformarar


Konsesjonsordninga gjeld oppretting eller drift av anlegg for vidaresending av NRK, norsk TV2, Radio P4 Hele Norge, lokalkringkasting og allmennfjernsynskanalane i dei nordiske landa. I område som ligg i satellittskugge kan ein også få konsesjon til vidareformidling av satellittfjernsyn og NRK2. Alle konsesjonane skal no bli gitt for ein avgrensa periode, dette fører til at dei konsesjonane som er gitt for lang tid tilbake må behandlast på nytt. I samarbeid med Post- og teletilsynet har vi laga ei oversikt over dei konsesjonane som er gitt med tidsavgrensing og dei som er gitt utan utløpsdato.



Vi har gitt konsesjon til vidareformidling av NRK i Narvik over privat omformar-anlegg.

Allmennkringkastingsrådet

Allmennkringkastingsrådet er eit rådgivande organ for Kulturdepartementet som vurderer om programverksemda i NRK, TV2 og P4 er i samsvar med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet sine vurderingar blir lagde fram for Kulturdepartementet i form av ein årleg rapport.



Statens medieforvaltning er sekretariat for rådet som har sju medlemmer. Rådet har i 1999 hatt fem ordinære møte og tre møte per telefon. I tillegg var rådet 4. – 9. mars på studiereise til Amsterdam og Brussel.

I rådet sin rapport for 1998 er regulering av allmennkringkasting i EU behandla. Eit aktuelt stridsspørsmål i EU er om lisensinntektene til allmennkringkastarane må reknast som konkurransevridande statsstøtte eller ikkje.

Rådet drøfter også kva verknad digitaliseringa av kringkastingsmedia har for framtida til allmennkringkastarane. Rådet argumenterer for at digitaliseringa ikkje nødvendigvis treng å tyde slutten for dei breie allmennkanalane, slik det tidvis blir hevda. Dagens reguleringsformer for kringkasting bør difor halde fram, heiter det i rådet sin rapport.

Evalueringa av programtilbodet til allmennkringkastarane byggjer dels på programstatistikkane til kringkastarane, dels på eigne programundersøkingar rådet har fått utført ved dei medievitenskaplege institutta i Bergen og Oslo.

I rådet sin rapport vart det samla norske allmennkringkastingstilbodet i hovudsak vurdert som godt. Rådet meinte også å spore små, men vesentlege teikn til positiv utvikling i einskilte kanalar, på punkt der desse tidlegare har fått kritikk. Programtilbodet vart likevel ikkje vurdert som tilfredsstillande på alle punkt.

Til NRK sitt radiotilbod hadde mellom anna rådet følgjande merknader: P1 manglar framleis barneprogram, P2 har som einaste radiokanal sendingar på samisk, men manglar sendingar på innvandrarspråk, Petre har vist positive endringar med omsyn til tematisk breidd og fordjuping, men det er framleis ønskeleg med fleire tematisk fokuserte programpostar på område av interesse for ungdom.

For P4 meinte rådet at programprofilen generelt framstår som snevrare enn allmennkringkastingsplikta skulle tilseie. Det blir etterlyst større variasjon i sendingane. Rådet peiker også på at dekninga av kunst, kultur og medium er redusert og bør styrkjast, at den internasjonale nyhendedekninga utover typiske nyhendesaker bør styrkjast, at sendingar på samisk og innvandrarspråk manglar, at den tematiske kategorien religion og livsfilosofi bør utvidast til å omfatte anna enn kristne andaktar og at det er for få kritiske, analytiske og fordjupande perspektiv utanom dei utvida nyhendesendingane.

For NRK1 kom rådet attende til ønsket om at dekninga av kunst, kultur og medium bør aukast. Samtidig vart det gjort merksam på at ein større del av programma bør vere teksta for høyrslheemma. Nynorskprosenten er framleis under den offisielle målsetjinga på 25 prosent.

For NRK2 vart det understreka at dekningsgraden er lågare enn han bør vere hos ein allmennkringkastar, at kanalen har svært få sendingar på samisk og innvandrarspråk, at ein større del av programma bør vere teksta for høyrslheemma og at nynorskdelen, som har auka frå 11 til 14 prosent, bør auke eit stykke til.

Om TV2 festa rådet seg ved at dramadelen på rundt 50 prosent er så stor at han reduserer tilbodet innanfor andre sjangrar. Samtidig vart det mellom anna gjort merksam på at tilbodet til dei høyrslheemma er for dårleg og at den internasjonale dekninga er for liten og smal. Rådet meinte likevel å kunne spore teikn til ei generelt meir positiv haldning til allmennkringkastingskriteria hos TV2.


Internasjonalt arbeid

EPRA

Kvart år blir det halde to møte i regi av EPRA (European Platform of Regulatory Authorities). I 1999 hadde EPRA 29 medlemmer. Statens medieforvaltning har delteke på begge møta, som i fjor vart haldne i Sveits og i Hellas.

På EPRA sitt møte i Vevey våren 1999 var tema regulering av interaktive tenester, sex i fjernsyn, vern av mindreårige og utviklinga av digitalt fjernsyn.

På EPRA sitt haustmøte var hovudtema styresmaktenes rolle i det konvergente medielandskapet og teleshopping. Statens medieforvaltning presenterte eit arbeidsdokument om konvergens for diskusjon i gruppa.



Nordisk møte om radio- og fjernsynsspørsmål

Møtet i fjor, som samla dei nordiske forvaltningsorgana på kringkastingsområdet, vart halde i Reykjavik.

Formålet med dei årlege møta er å utveksle kunnskap og erfaringar med tilsvarende styresmakter i dei nordiske landa. Hovudtema for møtet i 1999 var aktuelle mediepolitiske spørsmål i nordisk samanheng og ny lovgiving på kringkastingsområdet. Møtet behandla m.a. også jurisdiksjonsspørsmål etter endringar i 1997 i EU sitt fjernsyns-direktiv og utbygging av digitaldistribusjon i kabel- og eternett.

Europeisk programdel i fjernsyn

Direktivet om fjernsyn over landegrensene er ein del av EØS-avtalen og krev at størstedelen av sendetida til fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk.

Det er gitt reglar om dette i forskrift om kringkasting kapittel 2. Etter desse reglane skal 50 prosent av den sendetida som ikkje består av nyhende, sport, underhaldningsprogram med konkurranseprega innslag, reklame eller tekstfjernsyn, setjast av til sending av europeiske verk. Reglane er gitt for å fremje produksjonen av europeiske program, men gjeld ikkje for lokalfjernsyn.

Etter direktivet skal minst ti prosent av sendetida setjast av til sending av europeiske verk produserte av produsentar som er uavhengige av fjernsynsselskapet.

TVNorge ligg avgjort under kravet om minst 50 prosent europeisk programdel. Vi har teke dette opp med TVNorge og bedt om at selskapet legg fram ein plan over tiltak for å betre delen av europeiske program.

Statistikk for europeisk programdel skal innrapporterast til Statens medieforvaltning kvart år. Tala for dei norske fjernsynsselskapa for åra 1995 til 1999 er slik:

Kanal	Europeisk programdel					Uavhengige produksjoner					Nye produksjoner				
	1995	1996	1997	1998	1999	1995	1996	1997	1998	1999	1995	1996	1997	1998	1999
NRK 1	80	80	77	80	76	18	15	11	11	11	79	71	85	81	89
NRK 2	-	64	62	69	66	-	16	9	8	9	-	71	67	46	75
TV2	53	54	49	51	55	43	48	52	62	20	100	100	100	100	83
TVNorge	21	11	14	13	22	10	7	14	13	22	78	90	58	59	20
Metropol	-	-	-	-	51	-	-	-	-	25	-	-	-	-	44

Eigarskap

Kringkastingsforskrifta har egne reglar om eigarskapsavgrensingar i lokalkringkastinga. Den viktigaste regelen fastslår at ingen enkelt aktør kan eige selskap som dekkjer meir enn 1/3 av den samla nasjonale lokalkringkastingsmarknaden for lokalradio eller lokalfjernsyn.

Statens medieforvaltning har ikkje registrert store endringar i eigarskapen i lokalkringkastingsmarknaden i 1999. På lokalfjernsynsområdet er A-pressa framleis den største aktøren med ei nasjonal dekning på rundt 25 prosent. Aller-gruppa er framleis den største aktøren i lokalradiomarknaden, med ei nasjonal dekning på om lag 25 prosent. Aller-gruppa er også inne på eigarsida i Radio 2 Digital AS.

Lov om tilsyn med erverv i dagspresse og kringkasting, den såkalla eigarskapslova, fastslår at eit nyoppretta tilsynsorgan, Eigarskapstilsynet, skal kunne gripe inn ved oppkjøp av dagspresse- eller kringkastingsverksemd, dersom det er nødvendig for å sikre formålet med lova om å fremje ytringsfridommen, dei reelle ytringshøva og eit allsidig medietilbod. Lova vart sett i verk 1. januar 1999.

Oppkjøpa synest stort sett å vere frå utanlandske selskap. Dette kan ha samband med at eigarskapslova set grenser for kor mange dei store norske mediekonserna kan vokse.

PRESSE

Regelverket

Ansvar og oppgaver på pressefeltet er knytte til følgjande føresegner:

- ♦ Forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- ♦ Forskrift om tilskot til innvandrapublikasjonar, fastsett ved regjeringsresolusjon 7. november 1996
- ♦ Forskrift om tilskot til samiske aviser, fastsett av Kulturdepartementet 17. mars 1997
- ♦ Forskrift om tilskot til informasjonsarbeid i politiske parti, fastsett av Kulturdepartementet 8. februar 1999

Produksjonstilskot til dagsaviser

